

Nordhordland og Gulen Interkommunale
Renovasjonsselskap IKS (NGIR)

Lindåsvegen 1260
5956 HUNDVIN

Deres ref: Pr. e-post
Vår ref: 2015/98301
Dato: 29.02.2016
Org.nr: 985 399 077

Att. Rune Ones

Statens tilsyn for planter, fisk, dyr og næringsmidler



VURDERING AV SJØMAT FRÅ LUREFJORDEN 2013 - BASERT PÅ NIVA-RAPPORT L.NR.6679-2014

På oppmoding frå Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap (NGIR) har Mattilsynet vurdert om det kan vere grunnlag for å gi åtvaring (kosthaldsråd) for Lurefjorden, Nordhordland, gjeldande for fisk og skaldyr. Førespurnaden er basert på ei miljøundersøking som er utført av Norsk institutt for vannforskning (NIVA) i Lurefjorden, Nordhordland i 2013 på oppdrag frå NGIR.

I dag er det ingen åtvaring mot fritidsfiske i Lurefjorden.

Ein gjennomgang og vurdering (nedanfor) av den ovannemnde rapporten, syner at blåskjel er einaste sjømat-delen som har nok individ per lokasjon til ei vurdering.

Rapporten gjev elles eit altfor tynt grunnlag til ei kvalifisert vurdering av tilstanden for fisk og taskekrabbar i Lurefjorden.

- Frå analyseresultata av blåskjel (3x20 stk.) i denne undersøkinga er det ikkje behov for åtvaring frå Mattilsynet - om ikkje å ete blåskjel frå Lurefjorden.
Men husk: kontroller blåskjelvarselet (matportalen.no / App) om det er fåre for algeblomstring.
- For taskekrabbe (2 + 4) er det altfor få individ for ei vurdering av tilstanden i Lurefjorden, og i tillegg er det berre den brune innmaten som er undersøkt. Analyseresultata syner at det er nokre høge verdiar av enkelte miløgifter, og resultatata her indikerer at den brune krabbeinnmaten er likeeins her som andre stadar langs kysten. Mattilsynet har gjeve ei landsomfattande åtvaring til gravide, ammande og små born om ikkje å ete brun krabbeinnmat i det heile.
For krabbar (og krepssdyr) er det berre grenseverdiar for innhald av miløgifter i klokjøt (matdelen).

- For fiskane (torsk, hyse og flatfisk) som er analysert, er det altfor få individ til å kunne gje noko vurdering av tilstanden i Lurefjorden.

Mattilsynet si rolle

Ut frå vitenskaplege vurderingar av helseisiko, må Mattilsynet vurdere om det er naudsynt med tiltak for å verne forbrukarane. I område der enkelte matvarer har eit høgt innhald av ei eller fleire miljøgifter, blir det anbefalt å redusere eller avstå frå inntak - og som vert gjeve vha. åtvaringar (tidlegare kosthaldsråd). Ei samla oversikt over alle åtvaringane finn ein på matportalen.no.

Mattilsynet kan gi åtvaring dersom innhaldet av framandstoff/miljøgifter i undersøkte matvarer overstig dei grensverdiar som er sett for den/dei spesifikke matvarene.

Det kan og bli gitt åtvaring dersom inntaket av framandstoff/miljøgifter vil overstige tolerabelt dagleg inntak (TDI) eller tolerabelt vekeinntak (TWI). Der det finns TDI- eller TWI-verdiar, skal desse inngå i kalkulasjonen som inkluderer all påverknad frå alle matvarer.

Verksemder som fiskar og/eller produserer sjømat, har sjølv ansvar for at fisken og/eller produkta deira er trygge. Mattilsynet sine åtvaringar er for at fritidsfiskarar skal unngå fisk og skaldyr frå forureina område.

Mattilsynet sitt grunnlag for vurdering av sjømat frå Lurefjorden

Den oversendte rapporten frå miljøundersøkinga i Lurefjorden, Nordhordland, har mellom anna analysert tungmetall og organiske miljøgifter sediment, vatn, fisk og skaldyr:

- NIVA-rapport L.NR. 6679- 2014: Resipientundersøkelse i Lurefjorden 2013 med påfølgende risikovurderinger

Rapporten inneheld eit tynt eller altfor tynt grunnlag for vurderingar av mattryggleiken. Mattilsynet vurderer blåskjel (tynt grunnlag), og gjev nokre kommenterer gjeldande fisk og taskekrabber (altfor tynt grunnlag).

Mattilsynet sin vurdering av rapporten

Det er analysert for dei vanlege miljøgiftene i dei forskjellige fisk og skaldyra, og som kan indikere, saman med sediment- og vassanalysar, noko om korleis miljøtilstanden er i Lurefjorden. Men når det kjem til mattryggleiken, vert grunnlaget altfor tynt med eit lite unntak for blåskjel. Her er antal individ per lokasjon akseptabel for ei vurdering. Elles kommenterer vi under litt om kvifor vi ikkje kan vurdere den resterande sjømaten som er med i undersøkinga.

Blåskjel

Rapporten inneheld analysar av blåskjel, og syner at kvar av dei 3 lokasjonane (3x20 stk) har naudsynte mengde skjel, til å gje ei vurdering.

Alle dei analyserte miljøgiftene syner låge eller svært låge verdiar i blåskjela frå dei tre lokasjonane. Det er ingen ting ut frå denne undersøkinga som tyder på at blåskjel ved dei aktuelle lokasjonane er forureina slik at dei er problematiske å nytta som mat. Det er difor ingen grunn for Mattilsynet ut frå denne undersøkinga til å åtvere mot å ete blåskjel frå Lurefjorden.

NB: husk å sjekk blåskjelvarselet (*matportalen.no*) om det er algeoppblomstring i området som kan gi miljøgiftene DSP (diare/oppkast) og PSP (som kan bedøve i munnen og svelg).

Fiskefilet

Ingen av fiskeslaga inneheld nok individ til ei vurdering av mattryggleiken.

Fiskelever

Mattilsynet har ei landsdekkande åtvaring om ikkje å ete fiskelever frå sjølvfangst, utanom den som kjem frå fisk som er fangsta i ope hav. Vi vurderer difor ikkje fiskelever opp mot mattryggleiken.

Taskekrabbe

Det er altfor få taskekrabbar (2 + 4) frå to lokasjonar for vurdering av tilstanden i Lurefjorden. Det er òg berre analysert for miljøgifter i den brune krabbeinnmaten. Det er ingen grenseverdi for miljøgifter i den brune innmaten, og då vert eit eventuelt inntak ei vurdering av den enkelte som fiskar (ikkje profesjonelle som har eit eige regelverk...). Sidan det er godt kjent at brun krabbeinnmat vanlegvis inneheld miljøgifter, er gravide, ammande og små born i heile landet er åtvare om ikkje å ete krabbeinnmaten i det heile. Mattryggleiken kan ikkje vurderast her.

Det er sett grenseverdi for miljøgifter i klokjøt (kvitkjøtet/matdelen) frå krabbar og andre skaldyr, og det er berre analysar av miljøgifter i det klokjøtet (kvitt kjøt) Mattilsynet kan vurdere mattryggleiken utifrå.

Mattilsynet sin konklusjon

Undersøkinga har eit for tynt grunnlag for ei kvalifisert vurdering av mattryggleiken, med unntak for blåskjel.

Blåskjelanalysane tyder på lite spesiell forureining der prøvane er tekne. Resultata vert av Mattilsynet vurdert som gode eller svært gode.

Det er ikkje naudsynt for Mattilsynet å åtvare mot å ete blåskjel frå desse undersøkte områda i Lurefjorden.

Men vi vil likevel presisere at det er viktig å sjå på blåskjelvarselet på *matportalen.no*, der undersøkingar kvar veke fortel om det er algeoppblomstring, og om det kan vere komen algegifter til området.

For taskekrabbar er det for få individ, samt at det berre er analysert miljøgifter frå den brune innmaten. For ei konkret og kvalifisert vurdering trengs fleire individ - og analyser av klokjøtet (kvitkjøt/matdelen). For klokjøt (matdelen) er det grenseverdiar for innhald av fleire miljøgifter. Det er berre frå analyseresultat frå klokjøtet at Mattilsynet kan vurdere mattryggleiken.

For dei fem fiskeslaga som er analysert for miljøgifter, er antal individ langt under det som trengs for ei fornuftig og kvalifisert vurdering frå Mattilsynet. Og fiskelever er ikkje vurdert, av årsak nemnd over.

Rapporten synes å vere meir miljøtilstandsverktøy, enn grunnlag for å vurdere mattryggleik.

Med helsing

Lise Charlotte Rokkones
Seksjonssjef

Kopi til:
Miljødirektoratet (e-post)
Avdeling Bergen og Omland (e-post)